

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.03.2023

Vår ref.: 201703682-22 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av revisjonsdokument for Riksheimvassdraget i Sykkylven kommune

NVE sender med dette revisjonsdokument for reguleringa av Riksheimvassdraget på offentlig høyring.

NVE har i brev av **27.4.2022** vedteke at vilkåra for følgjande konsesjonar skal reviderast:

- Kgl. Res. Av 23.9.1938: Regulering av Storevatnet i Sykkylven Herad

På bakgrunn av krav frå Riksheim Grunneigarlag og føringar frå NVE har Sykkylven energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentlig høyring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside www.nve.no/konsesjonssaker. For å snevre inn søket vel «Vannkraft» under «Alle typer» og «Revisjon av vilkår» under «Alle sakstyper». Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på www.nve.no/revisjon. Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Jens Kåre Blakstad Sykkylven Energi på tlf 481 32 824 eller e-post: jens-kaare@sykkylven-energi.no.

Vi ber Sykkylven kommune om å kunngjere saka på sine heimesider og leggje to eksemplar av revisjonsdokumentet til offentlig gjennomsyn på servicetorget i Sykkylven kommune, fram til **15. juni 2023**. Det eine eksemplaret av revisjonsdokumentet kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. Den fysiske utgåva av revisjonsdokumentet er sendt Sykkylven kommune per post.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 2017 03682 i emnefeltet, og gi opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



Fristen for å sende fråsegner er 15. juni 2023.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegnene er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

NVE ønskjer tilbakemelding om man meiner at viktige parter er utelatne frå lista over mottakarar av dette brevet.

Med helsing

Frank Jørgensen
Seniorrådgiver

Godkjent av Ingrid Haug
Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

DNT-Sunnmøre
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Bondelag
STATNETT SF
SYKKYLVEN KOMMUNE
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
MILJØDIREKTORATET
ELINETT AS
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
WWF Norge AS
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
Mattilsynet Region Sør og Vest
Norsk Friluftsliv
Riksheim Grunneigarlag
STRAUMEN NETT AS



Kopimottakarliste:

SYKKYLVEN ENERGI AS

Olje- og energidepartementet